

# Til deg som treng litt ekstra

I Bømlo symjehall ønskjer me å ta i mot alle på ein god måte.

God dialog og samarbeid om den enkelte sine behov er viktig for å oppnå dette.

## Tilrettelagde garderober

Bømlo symjehall har tilrettelagd handikap garderobe i herregarderoben og i damegarderoben. Desse inneheld stort stallebord, open dusjløysing og har svingradius for rullestol. Dessverre har me ikkje kjønnsnøytrale handikapgarderober eller familiegarderober. Dette kan by på utfordringar dersom ein har behov for ledsager, og ledsagar er av motsett kjønn.

Me ønskjer å finne fleksible løysingar ut frå den enkelte sitt behov. Dersom ein har behov for ledsagar men ikkje er avhengig av rullestol og/eller stallebord, kan det vera eit alternativ å låne trenar/tilsett garderoben som har ein meir nøytral plassering mtp garderober.

Badevertane kan også vera behjelpeleg med å følgje deg og din ledsagar inn i garderoben, slik at dei kan informere andre gjester dersom ein av motsett kjønn skal gjennom garderoben for å koma til handikapgarderoben.

Når du kjøper billett, forklar badevert ditt behov, så tilrettelegg me så godt me kan for å finna ei god løysing for deg.

## Garderober

I garderober er det avdelte dusjar med lettvegg og dører. To av dusjane i kvar garderobe er litt større enn dei andre. Her er det plass til ein barnestol der du kan dusje barnet ditt og setja barnet frå deg i dusjen. Me har også ein «liggestol» berekna for mindre barn, som du kan dusja barnet ditt i.

Skulle du ha behov for større plass, har fleire barn med deg eller har behov for stallebord, gje beskjed om dette når du kjøper billett, det kan då vera mogleg å låne handikapgarderoben dersom den er ledig.

I Bømlo symjehall har me ingen bestemt grense for øvre alder på barna for at dei kan vera med foreldre i garderoben til motsett kjønn. Dette tenkjer me foreldre vurderer best sjølv, både av omsyn til barnet og til andre gjester.

## For å koma deg i bassenget

Opplæringsbassenget, som har vanntemperatur på 32 grader, har rampe med rekkverk som kan gjera det enklare for deg å koma deg ut i bassenget.

Me har også stolheis som kan senkast ned i begge bassenga frå kanten og rullestol som me kan køyre ned rampen i opplæringsbassenget.

## Generelle omsyn

Generelt vil me be alle om å respektere kvarandre sine behov, og at enkelte fasilitetar er forbeholdt dei med behov for desse. Av den grunn er handikapgarderoben låst på generell basis, me opnar dei på førespurnad og ved behov.

Om alle tar omsyn til kvarandre som t.d. ved å hengje opp sko på skoknaggane, vil det vera lettare også for dei som har behov for rullestol å koma seg fram til garderoben.

Med ønskje om eit godt samarbeid og at den enkelte skal føle seg sett og imøtekomen på ein god måte!!

Med vennleg helsing Bømlo symjehall

